



Notat

Dato: 10.10.2014
Arkivsak: 2014/21964-3
Saksbehandlar: milbert

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesordførar

Politisk plan for asfaltering

Det blir vist til spørsmål frå representanten Tom Skauge vedkomande legging av asfalt på fylkesvegane. Spørsmålet er følgjande:

1. Er det rett at plan for asfaltlegging for fylkesveger eller riks- og europaveg ikkje har vore presenterte for SAMU eller andre politiske organ i HfK siste år?
2. Vil fylkesordførar ta initiativ til at administrasjonen presenterer plan for asfaltlegging i 2015 tidleg på nyåret?

Det er rett at plan for asfaltlegging ikkje er politisk handsama siste år. Prioritering av strekk for asfaltlegging er resultat av ei grundig fagleg vurdering. Rammer og prosedyrar er vist under. Dersom det er ønskeleg kan planen for 2015 meldast til Samferdselsutvalet så snart den ligg føre.

Dette er etter Delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune, der det står:

Funksjonskontraktar
Fylkesrådmannen har fullmakt til å utlysa og inngå fleirårige funksjonskontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fullmakta gjeld også andre fleirårige kontraktar innanfor drift og vedlikehald.

I SAMU i november er det lagd opp til ein presentasjon frå Statens vegvesen om arbeidet med prioritering av asfaltlegging. I 2014 er det sett av 49,8 mill.kr til dekkelegging.

